

Fra: Atle Utkilen <atle@adu.no>
Sendt: 10. juli 2014 11:06
Til: Siril Sylta
Emne: Byggjestans og trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 202/3 Hjelmås
Vedlegg: 2014112_Illustrasjon_omraade_konsentert_boliger.jpg;
Lengdeprofil_VA_Trace1.pdf; Lengdeprofil_veg_1.pdf; Lengdeprofiltegning VA
Trace 4.pdf; A21 Kumplanar-Trace1_trace2.pdf

Viktighet: Høy

Hei

I denne saka trur eg vi må ha oss ein prat over bord.

Vi har fram til no vore trygge på at alt som er gjort og som vert gjort er gjort på lovleg vis og i samvar med godkjent reguleringsplan og det vi har søkt om løyve til.

Vi har i tillegg hatt møte med VA-avdelingen knytt til ledningsanlegg i området der vi har diskutert planane og kva vi skulle ta omsyn til. Dette for å sikra at løysingar vart godkjente i kommunen knytt til vassleiding. Før vi startar legging av røyr, får VA-avdelingen komplette teikningar og kumskjema for kontroll.

Det vi har starta opp og som vi trudde vi hadde løyve til er infrastrukturen i området (vegar og tracear for leidningar). Alt arbeid som er gjort og som er planlagt gjort er knytt til desse tiltaka. Ved bygging på dei enkelte tomtane, vert det sendt inn eige byggjesøknad for godkjenning.

1.prioriteringa for tiltakshavar er å på plass infrastrukturen og spesielt inn mot området med konsentert busetnad. Del av dette er VA-anlegget og framlegg av straum og tele. Arbeidsprosessen har vore å masseutskifta både i grøftetracear og i vegar i tillegg til å sprengja der dette er naudsynt for framtidig bruk .

Til no har ein masseutskifta i trace for leidningar heilt ned til planlagt pumpehus . I tillegg har ein sprengt der dette har vore naudsynt både for å få nok massar og for å sikra at ein slepp sprengning når ein skal igong med neste fase. Pga at BKK måtte ha ny trafo, må vi i denne fasen ta med oss vegen fram til profil 350. Ved stopp til fellesferie, var ein igong med masseutskifting av eksisterande veg mellom profil 100 – 200. I samband med dette er vegen lagt midlertidig om.

Alle berørte naboar har fått eige skriv om aktivitanane og er godt informert. Ved vegomleggingar har ein gjort gode avtalar som har fungert.

Eg legg ved:

- Illustrasjon som viser korleis ein ser for seg området med 4-mannsbustadar og 2-mannsbustader når det er ferdig. Alle tiltak knytt til det enkelte huset vert byggjesøk, når dette er aktuelt.
- Lengdeprofil av hovedvegen inn i området
- Lengdeprofil av VA-Trace 1 og Trace 4
- Kumplan for VA trace 1 og trace 4. Her manglar detaljer knytt til brannkum. Denne er under ferdigstilling. Straks den er ferdig vert alle teikningar og underlag for VA-sendt til VA-avdelingen for godkjenning.

Alle tracear og prosjektering av disse er basert på innmålingar med grunnlag i godkjent reguleringsplan. Vegen ligg i samsvar med godkjent plan. Alle kumløkk knytt til vassleiding med unntak av ei kum er plassert i hovudvegen.

For orden skyld har Nordhordland Grunn og Betong as som utfører arbeida , fellesferie. Det pågår ikkje byggeaktivitet på staden knytt til infrastrukturen.

Eg har sjølv vore i området i dag tidleg dette for å sjå om det er naudsynt med sikring langs anlegget.

Vonar at Dykk kan finne tid til møte for felles gjennomgang av saka – helst så snart som mogeleg og før felleferien er ferdig.

Dette som eit første svar i saka.

Med vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D Utkilen

Atle Utkilen

Tlf dir. 56168082

Mob- 970 67 161

Fra: Siril Sylta <Siril.Sylta@lindas.kommune.no>

Dato: onsdag 9. juli 2014 17.12

Til: Atle Utkilen <atle@adu.no>

Emne: Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 202/3 Hjelmås

Se vedlagte saksdokumenter.

Med venleg helsing

Siril Sylta

Konstituert fagleiar

Byggesak

Areal- og miljøeininga